

RADØY BRASS - VEDLEGG TIL SØKNAD OM KULTURMIDLAR

Målsetjing og handlingsplan

Radøy Brass satsar på dei unge i nærmiljøet, og rekrutterer blant anna frå Manger skulemusikklag og Sæbø skulemusikklag. Denne sesongen satsar vi også lokalt på dirigentsida, og har knytt til oss fleire prosjektdirigentar som hører til i Radøy kommune.

Sesongen 2015-16 er målsetjinga til Radøy Brass er å halde oppe det musikalske nivået, samarbeide godt med dei lokale skulekorpsa og generelt styrke musikantane sin tilhøyrslle til Radøy Brass og til musikklivet i kommunen.

For å kunne gjere dette på ein god måte treng vi mellom anna å investere på instrumentsida, spesielt slagverksutstyr, slik at musikantane har det dei treng for å kunne spele det repertoaret vi ynskjer. Vi treng også generell støtte til lønning av kompetente dirigentar, som kan vere med å heve korpset sitt musikalske nivå.

I år, som kvart år, arrangerer vi konserter og deltek på ulike konkurransar for å vise oss fram utanfor øvingslokalet. Vi har også eit ynskje om å arrangere ein større konsert i adventstida med innslag frå både song og eventuelt også andre musikkjangler. For å klare å gjennomføre dette er vi avhengige av å ha litt ekstra midlar å bruke på prosjektet, men konserten vil til gjengjeld gi oss eit godt høve til å promotere oss sjølve.

REKNESKAP

Radøy Brass sitt rekneskapsår går frå 1. september til 31. august. Revidert rekneskap for sesongen 2014/2015 vert difor levert etter vårt årsmøte i slutten av oktober.

ÅRSMELDING

Årsmelding for sesongen 2014/2015 vert levert etter årsmøtet i slutten av oktober.

BUDSJETT

Vedteke budsjett for sesongen 2015/2016 vert levert etter årsmøtet i slutten av oktober.